



Stendal Vvs AS
Blombakken 1
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2509 - 18/23081

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:
01.11.2018

Godkjenning av tilkopling til kommunalt vatn og utslepp frå fritidsbustad GBNR 15/14 Administrativt vedtak. Saknr: 298/2018

Type utslepp: Sanitært avlaupsvatn med utslepp mindre enn 50 pe
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. Forureiningsforskrifta § 12-5
Godkjenning: etter plan- og bygningslova § 20-1

Saksutgreiing:

Det er i søknad, journalført motteke 24.10.2018, søkt om utslepp frå ein fritidsbustad på eigedommen gbnr 15/14 på Hopland.

Anlegget det er søkt om er eit minireinseanlegg som tilfredsstillar NS-EN 12566-3. I samsvar med søknad skal avlaupet reinsast i biologisk/kjemisk minireinseanlegg. Reinsa avlaupsvatn vert deretter ført til etterpolering/ sandfiltergrøft på eigedommen gbnr 15/14 (eigen grunn).

Vidare er det søkt om tilkopling til kommunalt vassverk via felles privat vassleidning. Det ligg føre samtykke og vedlikehaldsavtale frå eigare av Gbnr 15/11,12, 15/9, 15/14, 15/17, 15/22, datert 30.08.18. Eigedommen Gbnr 15/14 skal koplast til vassleidning på anna manns grunn gbnr 15/9 i samsvar med vedlagt dokumentasjon. Minireinseanlegg skal plasserast på eigen grunn.

Nabovarsel:

Utsleppet vart nabovarsla i perioden frå 30.08.18 til 04.09.18, i samsvar med pbl §23- 1. Det ligg ikkje føre merknader. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka.

Plangrunnlag:

Eigedommen ligg i eit område som i kommuneplanen for Meland er avsett til område for spreidd bustad SB_2. Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Ansvarsrettar:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Ansvarsrettar og tiltaksklasse i saka går fram av motteken erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplanen, journalført motteke 24.10.18.

Vurdering:

Eigedomen ligg i eit område med krav til reinsing av avlaupsvatn i biologisk/kjemisk minireinseanlegg med etterpolering. Det er ikkje mogeleg å føra avlaupet til sjø.

Minireinseanlegget skal ha dokumentasjon som tilfredsstillar NS-EN 12566-3 eller tilsvarande standard for reinsegrad, slamproduksjon og gjennomsnittleg slamproduksjon. Anlegget det er søkt om har kapasitet til 2,5 pe.

Minireinseanlegget skal drivast og vedlikehaldas i samsvar med skriftleg drifts- og vedlikehaldsavtale. Slik avtale skal liggje føre før anlegget vert teke i bruk. Eigar av utsleppet er til ei kvar tid ansvarleg for ei eventuell forureining, jf § 7 Forureiningslova.

Eigar av anlegget er ansvarleg for eventuell forureining, jf § 7 i forureiningslova.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendt erklæring.

Utsleppet det her er søkt om er etter Meland kommune si vurdering i samsvar med gjeldande krav i området. Administrasjonen kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt i medhald av «Forskrift om begrensing av forureining» sin § 12-5.

Eigedomen skal koplast til det kommunale vassverket via felles privat vassleidning.

Kommunen ber om at leidningen vert gravd ned/dekka til der dette er mogeleg, slik at den vert minst mogeleg synleg i terrenget.

Det ligg føre naudsynt dokumentasjon som gjev eigedomen gbnr 15/14 rett til å kopl seg til den private felles vassleidningen.

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om begrensing av forureining» sin § 12-5 og i medhald av plan- og bygningslova § 20-1 løyve til etablering av utslepp frå ein fritidsbustad på eigedomen gbnr 15/14 på Hopland i samsvar med søknad journalført motteke 24.10.18 og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal gå via typegodkjend biologisk og kjemisk minireinseanlegg der det reinsa avlaupsvatnet vert ført til terreng/etterpolering, slik motteke situasjonskart syner.
2. Slam frå anlegget skal leverast til godkjend mottak i privat regi.
3. Det skal opprettast skriftleg serviceavtale med leverandør av minireinseanlegget før anlegget vert teke i bruk.
4. Eigar av utsleppet er til ei kvar tid ansvarleg for ei eventuell forureining, jf § 7 Forureiningslova.

Meland kommune godkjenner vidare at fritidsbustad på gbnr 15/14 vert tilknytta kommunalt vassverk i samsvar med søknad, journalført motteke 24.10.18 på følgjande vilkår:

- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" – Kommuneforlaget.
- Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknyttinga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
- Tilknyttinga skal skje i kum. Ta kontakt med kommunen si driftsavdeling for tilvising av plassering. Melding om dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast til kommunen når tilknyttinga er utført.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2018 er tilknytingsgebyret for vatn

kr 20 000,- pluss mva, per bueining.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, jf pbl § 23-3.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om vass- og kloakkavgifter og plan- og bygningslova»

Gebyr for sakshandsaming vert sendt til tiltakshavar.

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Er arbeidet ikkje igangsett seinast 3 år etter at løyve er gjeve, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn 2 år, fell retten til å etablera utsleppet vekk. Dersom utsleppet framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke.

Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om tillatelse til tiltak GBNR 15/14

E-postmelding - Søknad om tillatelse til tiltak GBNR 15/14

Kopi til:

Nils Åge Skjelvik

Hoplandsvegen 95 5919

Mottakarar:

Stendal Vvs AS

Blombakken 1 5911

ALVERSUND